



NVE
pb. 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Sendt på mail til: mgv@nve.no

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 13/785-7
Journalpostid: 14/869

Saksh: Gunnhild Sandvin
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:
K2-S11 25.02.2014

Uttale frå Eidfjord kommune - høyring av søknad om konsesjon for kraftutbygging - Isdalen pumpekraftverk

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KST-006/14 Vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til utbygging av Isdal pumpe og kraftverk, men ber om at fylgjande punkt vert vurdert før konsesjon vert gitt:

1. Alternativ plassering av Isdal pumpe og kraftverk må greiast ut.
2. Det må vera eit krav at fisk kan vandra opp frå Isdøla til Isdalsvatnet.
3. Det kan ikkje akseptast at røye kan spreist til Isdalsvatnet.
4. Temperatureffekten på Isdalsvatnet og Bjoreio må vera betre dokumentert.
5. Framtidig vassføring i Bjoreio, frå Leiro og ned

Med venleg helsing
Eidfjord kommune


Gunnhild Sandvin
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok



Hardanger

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	03.02.2014	015/14	ELNGUN
Eidfjord kommunestyre	17.02.2014	006/14	ELNGUN

Offentleg**Uttale til søknad om konsesjon for kraftutbygging - Isdalen
pumpekraftverk****Dokument i saka:**

Nr		Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I	13.11.2013	NVE	Høyring av søknad om konsesjon for kraftutbygging
2	I	07.01.2014	Statens vegvesen	Uttale til søknad om konsesjon
4	I	22.01.2014	NVE	Ny rapport, konsekvensvurdering
3	I	23.01.2014	Statkraft Energi AS	Vedlegg 10 i konsesjonssøknad Isdalen pumpekraftverk

Vedlagt:

Dok.nr 1 og 3

Særutskrift skal sendast til: NVE**Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret

Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Eidfjord kommune meiner det er for mange usikre moment ved søknaden om konsesjon for Isdal pumpe og kraftverk til at ein vil tilråd konsesjon. Eidfjord kommune meiner konsesjonssøknaden må gje svar på følgjande før konsesjon vert vurdert gitt;

1. Alternativ plassering av Isdal pumpe og kraftverk må greiast ut.
2. Det må vera eit krav at fisk kan vandra opp frå Isdøla til Isdalsvatnet.
3. Det kan ikkje akseptrast at røye kan spreia til Isdalsvatnet.
4. Temperatureffekten på Isdalsvatnet og Bjoreio må vera betre dokumentert.



Hardanger

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

www.eidfjord.kommune.no

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

03.02.2014 Eidfjord formannskap

Handsaming:

Anved Johan Tveit er ugild. Arne Bu møtte som vara.

Arne Bu sette fram slikt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til utbygging av Isdal pumpe og kraftverk, men ber om at fylgjande punkt vert vurdert før konsesjon vert gitt:

1. (Som i opprinneleg forslag)
2. (Som i opprinneleg forslag)
3. (Som i opprinneleg forslag)
4. (Som i opprinneleg forslag)
5. Framtidig vassføring i Bjoreio, frå Leiro og ned.

Røysting:

Samrøystes tilrådd

FSK-015/14 Tilråding:

Eidfjord kommune er positiv til utbygging av Isdal pumpe og kraftverk, men ber om at fylgjande punkt vert vurdert før konsesjon vert gitt:

1. Alternativ plassering av Isdal pumpe og kraftverk må greiast ut.
2. Det må vera eit krav at fisk kan vandra opp frå Isdøla til Isdalsvatnet.
3. Det kan ikkje akseptast at røye kan spreiaast til Isdalsvatnet.
4. Temperatureffekten på Isdalsvatnet og Bjoreio må vera betre dokumentert.
5. Framtidig vassføring i Bjoreio, frå Leiro og ned

17.02.2014 Eidfjord kommunestyre

Handsaming:

Kari Tveit Hovland, Lars Liset, Anved Johan Tveit er inhabile. Her møtte Svein Hop, Britt Langøy og Bergljot Maria Veivåg.

Arne Bu sette fram slikt framlegg til vedtak:

Opprettheld sitt framlegg frå formannskapet

Gunvall Medhus sluttar seg til rådmannen sitt framlegg + pkt 5.

Røysting:

Gunvall Medhus sitt framlegg 8 røyster

Formannskapet sitt framlegg fekk 9 røyster

KST-006/14 Vedtak:

Eidfjord kommune er positiv til utbygging av Isdal pumpe og kraftverk, men ber om at fylgjande punkt vert vurdert før konsesjon vert gitt:

1. Alternativ plassering av Isdal pumpe og kraftverk må greiast ut.
2. Det må vera eit krav at fisk kan vandra opp frå Isdøla til Isdalsvatnet.
3. Det kan ikkje akseptast at røye kan spreiaast til Isdalsvatnet.
4. Temperatureffekten på Isdalsvatnet og Bjoreio må vera betre dokumentert.
5. Framtidig vassføring i Bjoreio, frå Leiro og ned



Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121
Bankgiro: 3450.19.60006
Innbetaling skatt: 7855.05.12326
www.eidfjord.kommune.no

Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00
Telefaks: 53 67 35 75
Epost: postmottak@eidfjord.kommune.no

Saka gjeld:

Statkraft søker NVE om konsesjon for Isdal pumpe og kraftverk. NVE har sendt søknaden på høyring til kommunen, fristen for uttale er 25. februar 2014.

Kort orientering om tiltaket (saksa frå søknaden):

Hovedhensikten med anlegget er å overføre deler av avløpet fra Isdalsvatnet inn på overføringstunnelen mellom Sysenvatnet og Rembesdalsvatnet. Overføringen vil skje ved å bygge et pumpeanlegg ved Isdalsvatnet og pumpe tilsiget via nedgravd rørledning opp til overføringstunnelen. Dette er beregnet å gi en årlig netto produksjonsøkning ved Sy-Sima kraftverk på 14,3 GWh.

Kraftverksdelen består av et eget turbinaggregat med nødvendig elektrisk utrustning i samme bygg som pumpe, og er avhengig av at pumpe blir bygd. Kraftverket skal nytte fallhøyden mellom Sysen-magasinet og Isdalsvatnet og utnytte det vannvolumet som i dag som en frivillig ordning, slippes fra bekkeinntaket i Isdøla ved Kleivane, av hensyn til vannkvaliteten i Isdalsvatnet, og videre til Bjoreio som del av pålagt minstevannføring til Vøringsfossen. Videre planlegges også at vinterslipet til Bjoreio, som i dag slippes fra Sysendammen ved Leiro, helt eller delvis kjøres gjennom Isdal kraftverk. Produksjon fra kraftverket er samlet beregnet til 4,4 GWh.

Statkraft ervervet rett til overføring av Isdøla fra inntak Kleivane i forbindelse med «Eidfjord-utbyggingen». Søknaden nå omfatter overføring av vann fra restfeltet til Isdalsvatnet. Det er inngått avtale med fem av de seks eierne av fallstrekningene nedstrøms Isdalsvatnet som Statkraft ikke eier fra tidligere. Det har ikke lyktes å få til avtale om erverv av grunn og rettigheter for nødvendige arealer til anleggene og overføring av vann fra en strekning med knapt 2 m fall som eies av gnr/bnr 26/6 Simadal Sameiga. Vi søker derfor også om tillatelse til ekspropriasjon for grunn m.v. etter oreigningsloven. Rett til ekspropriasjon av nødvendige rettigheter for overføringen vil følge direkte av vassdragsreguleringslovens § 16 nr 1, forutsatt at det gis tillatelse til overføringen etter denne loven.

Frå Statkraft vert det søkt om følgjande løyve:

1. Etter vassdragsreguleringsloven, jf § 2, om:

Tillatelse til overføring ved pumping av inntil 1,5 m³/s av avløpet fra Isdalsvatnet til Sysen-magasinet / Rembesdalsvatnet, med følgende begrensninger:

- a. I perioden fra og med 1. juni til og med 14. september skal overføring bare skje når vannføringen i Bjoreio er større enn kravet til minstevannføring ved målestasjon Høl (jmf. Søknad om midlertidig dispensasjon for manøvreringsreglementet for Bjoreio).
- b. I perioden fra og med 15. november til og med 14. april kan overføring starte når vannføring ved målestasjon Høl er større enn 3 m³/s. Overføringen skal avsluttes når vannføringen synker under 2 m³/s.

2. Etter energiloven, jf. § 3-1, om tillatelse til bygging og drift av Isdal pumpe og kraftverk med:

- a. Pumpemotor 2,2 MVA / 6,6 kV
- b. Generator 1,8 MVA / 6,6 kV
- c. Transformator 2,2 MVA, omsetning 6,6/22 kV
- d. 22 kV kabel fram til eksisterende 22 kV linje, lengde ca 150 m

3. Etter oreigningsloven, jf. § 2 nr. 19 og 51 samt § 25 om:

- a. Tillatelse til å ekspropriere grunn og rettigheter for bygging av Isdal pumpe og kraftverk med tilhørende elektriske anlegg.
- b. Tillatelse til å ta i bruk arealer og rettigheter før skjønn er avholdt.

Det vert elles vist til vedlagte rapport og nytt vedlegg 10.

Økonomiske konsekvensar:

Auka produksjon og verdi av verk medfører mogleg høgare skatteinntekter til kommunen. Samla vil forslag til utbygging bidra med ca 18,7 GWh i eit normalår.


Juridiske konsekvensar:

Ingen kjente for kommunen.

Miljømessige konsekvensar:

Utgreiinga vidare vil avgrensa seg til å visa til side og tekst der rådmannen ser grunn til kommentar/merknader.

- Statkraft brukar namnet Isdøla på elva som renn inn i Isdalsvatnet frå Kleivane. Det rette namnet på elva er Kleivelva.
- Pkt 3.2, plassering av pumpe og kraftverk. Det er ikkje utgreidd alternative plasseringar for røyrgate og pumpe og kraftverk. For å oppretthalde mest mogleg av naturtilstanden i Isdalsvatnet er det viktig å ta vare på det strømningsmønster elvane/bekkane har etablert i vatnet. Ser ikkje at det er vurdert å leggja pumpe og kraftverket slik at utløpet kjem via Kleivelva. Det er i pkt 3.2.5 peikt på at det er naudsynt å laga ei 20-30m lang innløpsgrøft til pumpe og kraftverket. Etter kjennskapen til vatnet meiner eg dette ikkje er tilstrekkeleg, truleg må ei slik grøft vera over 100m. Ut frå Kleivelva er det djupål.
- Pkt 3.2.3, utforming av utløpsterskel. Konsekvensutgreiinga frå Rådgivende Biologer AS seier at utløpselva betyr lite for rekrutteringa av aure til Isdalsvatnet. For å oppretthalde mest mogleg av naturtilstanden i vassdraget meiner likevel rådmann at det ikkje er rett å byggja eit oppgangshinder. I utløpsterskelen må det etablerast fungerande fisketrapp som tillat fisk å vandra inn i vatnet.
- Pkt 3.2.7, massetak og deponi. Statkraft og kommunen er samde om ei avslutning av deponiet i Isdalen (det vert vist til rapport, Isdalen tipp, prosjektnr 7049). Vidare bruk må vera i samsvar med denne rapporten.
- Pkt 4 temperatur. Figuren under er henta frå LFI Uni Miljø, rapport nr 203, Eidfjordvassdraget sluttrapport 2012



Temperatureffekten på Isdalsvatnet i periodar det skal sleppast vatn viser at overføringsvatnet frå Sysendammen, mykje likt Leiro (utløp Sysen) vil vera kaldt i forhold til Isdøla. Kva effekt dette får for Isdalsvatnet bør vera nærare dokumentert. Det bør og dokumenterast at slepp av overføringsvatn frå Sysen til Rembesdalsvatnet får den ønska temperaturauken i Bjoreio på sumaren som ein oppnår med å sleppe vatn frå Kleivane.

- Pkt 5 køyremønster og drift av pumpe og kraftverk. Slepp av vatn til Isdalsvatnet er planlagt gjort frå overføringstunnelen mellom Sysenmagasinet og Rembesdalsvatnet. I Sysenmagasinet er det i dag kome røye. **Tapping av vatn frå overføringstunnelen kan bety spreiding av røye til Isdalsvatnet.**
- Situasjonen i Isdalsvatnet i dag er at det er groing med alger som følgje av redusert gjennomstrømming pga reguleringa. Denne situasjonen har resultert i nedsett verdi av vatnet som fiskevatn fordi algeproduksjonen reduserer moglegheita til å utøva fiske. Dette forholdet er ikkje omtalt i søknad eller KU. Fleire biologiske rapportar (NIVA og Rådgivende Biologer) har peikt på redusert gjennomstrømming som årsak auka algevekst i vatnet. Effekten vert truleg forsterka med mindre gjennomstrømming og må takast med i vurderinga.

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjente for kommunen.